

To praktfulle varslar om vår

21.04.2011



Magnolia på Neset

**Magnolia og forsythia, som begge blomstrar i ein imponerande grad på berr kvist, har også det til felles at dei stammar frå Asia. Men dei trivs også i uskedalen, i alle fall på Neset, der dei kvart år er praktfulle varslar om ein snarleg vår.**



Forsythia på Nset

Den japanske magnoliaen som ser ut som eit snøskred  
har vi skreve ein god del om før og her  
skal vi heller sjå litt nærmare på den gule busken. Den er ofte først ute om  
våren og er oppkalt etter den skotske botanikaren William Forsyth.  
Forsythia har vore kultivert i Asis i hundrevis av år og blir brukt i

tradisjonell kinesisk medisin og i medisinsk behandling også andre stader i den verdsdelen.

Forsythiaen hører til olivenoljefamilien men likner ikkje noko særleg på slektingane sine. Den bør gjødslast om våten, men klarer seg med lite vatning. Forsythia kan også flyttast inn. Vanlegvis har den blomar berre ein gong om året. Innan gartnerstanden er det ymse meininger om beskjæring. Det varierar mellom beskjæring kvart år og ingen beskjæring. Då vel ein truleg ein stad i midten?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen